ÅRSPLAN

2026/2027

SIRLIHAUGEN BARNEHAGE



INNHALDSLISTE

Innleiing	Side 2
Styrande organ i barnehagen	side 3
Personalet	side 4
Språk og kommunikasjon	side 5
Livsmestring og helse	side 5
Det sjølvstendige barnet	side 6
Autoritative vaksne- Sosial kompetanse	side 7
Forteljarsongar	side 7
Felles aktivitetar	side 8
Årshjul	Side 9
Nasse Nøff	Side 10
Ole Brum	Side 14
Tigergutt	Side 18
Heffalompklubb	Side 22
Plan for førskulegruppene	Side 23
Små steg – store augneblikk	Side 24

INNLEIING

Då er vi godt inne i eit nytt barnehage år, og håper alle har funne seg til rette på nye avdelingar, og som ny i barnehagen.
Lov om barnehagar og rammeplan for barnehagen styrer arbeidet vårt. Vi har også ein lokal rammeplan for Herøy kommune som vi styrer etter. Ut i frå desse har vi utarbeidd ein verksemdsplan som gjeld det overordna arbeidet i barnehagen, den vert revidert kvart 4.år

Kvart år lagar vi ein felles årsplan på huset, og denne er i lag med verksemdsplanen arbeidsreiskapen til dei vaksne samtidig som det er utgangspunkt for samarbeidet med foreldra. Planen er lagt opp slik at der er ein liten felles del fyrst, og så har kvar avdeling sin del med korleis dei vil jobbe dette året

Vi har eit stabilt personale som har mange års erfaring. Vi trivast godt i lag, og har eit godt arbeidsmiljø noko som eg trur er med på å heve kvaliteten.

Det er viktig for oss at barnehagen er ein god plass å være både for store og små. Alle skal føle seg sett og høyrt, og være ein del av eit fellesskap, og det skal følast trygt for både barn og foreldre.

No håper vi på eit kjekt og lærerikt år for alle saman der vi kan leve opp til visjonen vår:

«Sirlihaugen barnehage, ein trygg god start"

Bodil Karin Kvalsund

-dagleg leiar-



Dei fleste illustrasjonane og diktet på baksida er laga av chatgpt.

STYRANDE ORGAN I SIRLIHAUGEN

Kontaktinformasjon:

Telefon Sirlihaugen barnehage : 70088416

Dagleg leiar: Bodil Karin Kvalsund, e-post: styrar@sirlihaugen.no

Dagleg leiar: 40408202 / 97777836

Tigergutt: tlf.: 40408212 e-post: tigergutt@sirlihaugen.no

Ole Brum: tlf.: 40408210 e-post: olebrum@sirlihaugen.no

Nasse Nøff: tlf.: 40408205 e-post: nassenoff@sirlihaugen.no

Styret i samvirkelaget:

Leiar: Liva Christin Notøy

Nestleiar: Sondre Sævik

Sekretær: Miriam Johannesen Leine

Styremedlem: Alette Dale Ryan

Representant fagforbundet: Carmen Salvatierra

Representant utdanningsforbundet: Birte Skorpen Skår

Samarbeidsutvalet

Thea Kvamme Slettestøl , leiar

Maria Salvatierra Kvalsvik, nestleiar

Lone Seljeset

Katrine Drabløs

Rita Henrikke Remøyholm, personalrepresentant

Mariann Leine, personalrepresentant

Bodil Karin Kvalsund, sekretær

Vara: Amalie Bøe Opsal

Dugnadsstyret

Trym Karstensen Vågsholm

Roy Morten Skorpen Skår

Nils Jørgen Ringset

Magnus Salvatierra Kvalsvik

PERSONALE I SIRLIHAUGEN BARNEHAGEÅRET 2026/2027

TIGERGUTT	OLE BRUM
Anett Myklebust Husøy - Pedagogisk leiar	Silje Oksholen Gjelseth - Pedagogisk leiar
Mariann Leine - Pedagogisk leiar	Birte Skorpen Skår - Pedagogisk leiar
May Britt Sætre Leikanger - Fagarbeidar	Gunn Stenersen Lied - Assistent
Ingvild Alise Leine Hareide - Fagarbeidar	Marte Kopperstad - Fagarbeidar
Pia Voldsund - Assistent	Ann Kristin Jøsok - Assistent

NASSE NØFF	ANNA PERSONALE
Thea Kvalsund Taklo - Pedagogisk leiar	Bodil Karin Kvalsund - dagleg leiar
Rita Henrikke Remøyholm - Fagarbeidar	
Iren Leikanger - Assistent	**Marthe Salvatierra Kvalsvik - vikar**
Elin Kvalsvik Fagerlund - Assistent	**Lillian Kvalsvik – vikar**
Carmen Salvatierra - Assistent	**Sara Fagerlund - vikar**



SPRÅK OG KOMMUNIKASJON.

Språk, tekst og kommunikasjon er eit av fagområda i rammeplanen og det står ein del om det i verksemdsplanen. Vi har teke del i kompetanseløft innan språk og siste åra har vi jobba med Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) *(Sjå meir om det i verksemdsplanen side 25)*

I barnehagen er språk og kommunikasjon en naturlig del av kvardagen. Vi legg vekt på å skape et rikt språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språket, både i leik, samspel og læring. Gjennom samtalar, høgtlesing, songar, rim og regler får barna erfaringar som styrkar ordforråd, forståing av omgrep, og evna til å uttrykke seg. Tidleg språkstimulering har også ein nær samanheng med læring av grunnleggande ferdigheiter seinare i skulen. Dersom vi les godt, lærer vi meir.

Lesing er viktig for språkutviklinga, vi har bøker lett tilgjengeleg slik at barna kan initiativ til det. Høgtlesing styrker språkutviklinga, stimulerer fantasien og skaper nære relasjonar.

Det har vorte utarbeidd ein felles plan for førskulegruppene når det gjeld språk og kommunikasjon, uavhengig av kva barnehage dei går i. Det er no andre barnehageåret den er i bruk, tanken er at den skal knyte saman satsinga frå barnehage og skule.



LIVSMESTRING OG HELSE

Eit av satsingsområdet for dei neste 4 åra i Herøybarnehagane er Livsmestring og helse. Livsmestring i barnehagen handlar fyrst og fremst om å bidra til at barna utviklar eit positivt sjølvbilde gjennom å oppleve meistring. (*Sjå meir i verksemdsplanen side 9)*
Vi skal støtte barna i å meistre motgong, handtere utfordringar og verte kjend med eigne og andre sine følelsar. Livet går ikkje alltid på skinner og det å handtere motgong er ein viktig del av livet. Både positive og negative følelsar er viktige for barna si utvikling. Vi må lære borna å takle motgang, og dei må takle at ikkje alt handlar om dei.
Personalet vil delta i den kompetansehevinga som vert lagt opp til i frå kommuna si side og i tillegg vil vi nytte programmet « Livet og sånn» på personalmøte. Dette er eit program utarbeidd av Ålesund kommune og det rettar seg både mot foreldre og mot tilsette i barnehage og skule. Målet er å bidra til å styrke fysisk og psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing. Då er det avgjerande at vi jobbar i lag. Gå gjerne inn på nettsida og sjå, der er enkle filma med tips og råd. www.livetogsann.no.


DET SJØLVSTENDIGE BARNET

Det å klare sjølv og å øve seg på det er ganske viktig i eit barns liv. . Vi har vel alle høyrt strofa: *« Ej klara sjøl»* men i farta fell vi ofte for freistinga til å hjelpe barnet for mykje, det kan føre til at barna trur at dei ikkje kan få det til, og dei får ikkje kjenne på den gode kjensla av meistring. Når vi vaksne legg til rette for at barna får lov til å prøve å gjere noko sjølv, ved å rettleie og støtte undervegs kan det bidra til meistringskjensle og glede, noko som igjen gir auka sjølvtillit og eit positivt sjølvbilde. Barn har ein indre motivasjon for å lære, og sjølv om alle er ulike så har dei behov for å gjere den same handlinga om igjen fleire gongar for å meistre den betre. Det handlar om å gi barna medverknad og moglegheit til å ta eigne val.

Rammeplanen seier: « *Barnehagen skal bidra til at barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap»* Vidare seier den at « *Barn skal få støtte til å meistre motgang og handtere utfordringar»*



AUTORITATIVE VAKSNE – SOSIAL KOMPETANSE



Sirlihaugen barnehage vil vere prege av vaksne som er autoritative. Det vil seie at vi vil vere varme og tydelege vaksne som set grenser på ein positiv måte, og skaper eit godt miljø. Dette er eit viktig prinsipp i programmet *«Være sammen»* Dette programmet er ei hjelp i arbeidet med sosial kompetanse. Sosial kompetanse er noko som må lærast og det lærer vi i samspel med andre. Det står meir om det i verksemdsplanen vår.
Dette er noko vi jobbar med kvar dag, og det viktigaste vi kan lære barna er å samhandle med andre.

Løveloven

«Kan du løveloven?

Jeg skal være meg, men gi plass til andre slik at de blir seg

Bry meg om en annen, hjelpe når jeg kan.

Slik blir livet bedre for barn i alle land.

Ser du en som plages? Det er ikke bra!

Alle må stå sammen om å si i fra.

Alle barn på jorden har den samme rett

Til å være trygge og til å være sett»

FORTELJARSONGAR

Vi vil fortsette på same tema som i fjor, då det var særs vellukka. Gjennom song, rytme og forteljing får barna utforske språk på ein leikande og inkluderande måte. Forteljarsongane gjer det mogleg å kombinere musikk, litteratur og leik. Songane gir rom for fantasi, kreativitet og medverknad, og kan også knytast til leik og dramatisering.

Gjennom dette temaet ynskjer vi og å skape gode felles opplevingar og styrkje barna si glede ved å bruke språk, song og musikk.
Songane er små forteljingar som kombinerer musikk, språk og leik på ein måte som gir barna både glede og læring. Barna øver seg på å lytte, huske, undre seg og forstå samanhengar.



FELLES AKTIVITETAR

Sirlihaugen barnehage består av tre ulike avdelingar, Tigergutt som har dei eldste barna, Ole Brum der dei mellomste barna går og Nasse Nøff der dei aller minste går. Avdelingane må jobbe på ulike måtar fordi behova er forskjellige. Men vi har også eit sterkt ynskje om å jobbe for fellesskapet. Vi vil at barna skal kjenne seg trygge på tvers av avdelingane, og at dei skal få verte kjent med dei andre barna og vaksne «på huset». Vi vil vere med å skape felles opplevingar for alle, og har derfor organisert ulike områder der fellesskap og glede står i fokus:

- **Korøving:**
  - Ein gong i veka møtast vi på kjøkkenet til korøving. Her får barna oppleve gleda av å synge i lag i eit trygt og inkluderande fellesskap. Song og musikk er ein viktig del av barnehagen sitt kulturelle uttrykk, og bidreg til å styrke barna sitt språk, identitet og sosiale kompetanse. Korøvingane startar 09.00 for dei som er komen, og varer ca. 20 minutt.



- **Fellessamling**
  - Det er alltid kjekt å møtast til samling på tvers av huset, og tema på fellessamlingane i år vil vere songen som står på planen denne månaden. Då har kvar avdeling ansvaret etter tur, og vel sjølv korleis dei vil presentere songen.
  - Vi vil også ha fellessamlingar i forbindelse med høgtidene.



ÅRSOVERSIKT

AUGUST	**Planleggingsdag 10.august**
SEPTEMBER	**Utarbeiding av årsplan** **Brannveke - veke 38 og 39** **Foreldremøte**
OKTOBER	**Planleggingsdag 16.oktober**
NOVEMBER	**Foreldresamtalar** **Fellessamling** **Farsdag** **Svarfrist om juleferie**
DESEMBER	**Julevandring i kyrkja** **Fellessamling** **Nissefest** **Besteforeldrekaffi** **Julekos for foreldre og sysken**
JANUAR	**Planleggingsdag 4. januar** **Vinterveke** **Tema: Kroppen min** **Tombola/ Kafedag**
FEBRUAR	**Veke 5 - Tema-Samisk kultur med markering av Samefolkets dag 6.feb** **Morsdag**
MARS	**Barnehagedagen 9.mars** **Påskevandring i kyrkja** **Påskefrukost** **Fellessamling** **Opptak neste barnehageår** **Planleggingsdag 12.mars** **Dagen for Downs syndrom 21.mars - Rockesokk**
APRIL	**Vårveke** **Svarfrist om ferie 15.april** **Fellessamling**
MAI	**Planleggingsdag 7.mai** **17.mai veke** **Russefeiring** **Evaluering av årsplan** **Fotballtrøyefredag 28.mai – Støtte i kampen mot barnekreft**
JUNI	**Besøk av nye born som skal starte til hausten** **Overføringsmøte mellom avdelingane** **Overføringsmøte for dei som skal ta til på skulen** **Jonsokfeiring 23.juni** **Ferieavvikling**
JULI	**Ferieavvikling** **Nedvask av barnehagen** **Kong Haakon 20.juli**




Avdeling Nasse Nøff 0-3 år

Barnehagen sin visjon, **«Ein trygg god start»**, står sentralt i arbeidet på avdelinga. For mange av *Sirlihaugborna* er Nasse Nøff det første møtet med barnehagelivet, og her får dei mange av sine fyrste erfaringar utanfor heimen. Dagane på Nasse Nøff er prega av tryggleik, omsorg, nærleik og gode relasjonar. Dette legg grunnlaget for trivsel, leik, utvikling og læring.

På ei småbarnsavdeling er det å møte barna sine grunnleggande behov noko av det aller viktigaste vi gjer. Mat, stell, søvn, omsorg og nærleik bidreg til at barna kjenner seg trygge og det gir overskot til å leike og utforske. Tilknyting og gode relasjonar står sentralt gjennom heile barnehageåret. Det tek tid å bli trygge på nye menneske og nye omgjevnader. Vi møter kvart barn med utgangspunkt i deira behov og føresetnader. Vi vaksne skal vere nære og tilgjengelege, og mykje av tida vår skal vere på golvet saman med barna. Her kan vi vere tett på i leiken, sjå det enkelte barnet, støtte initiativ, dele glede og hjelpe når noko vert vanskeleg. Samtidig skal vi vere tilgjengelege med eit fang – til kvile, nærleik, kos og trøyst.

> Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.
> Rammeplan for barnehagen, s.19



Tryggleikssirkelen er eit viktig utgangspunkt for korleis vi møter barna på Nasse Nøff. Vi ønsker å vere ei trygg hamn som barna kan kome til når dei treng nærleik, trøyst, hjelp til å regulere kjensler eller eit fang å kvile på. Samtidig skal vi vere ein trygg base som gir barna støtte og oppmuntring til å leike, utforske og bli meir sjølvstendige. Ved å vere nære og merksame på signala til det enkelte barnet, prøver vi å forstå kva barnet treng frå oss i ulike situasjonar.

I møte med barna arbeider vi etter prinsippa for ein autoritativ vaksenstil.

Det inneber at vi møter borna med varme, omsorg og forståing, samtidig som at vi er tydelege vaksne som set trygge rammer. Slik ønsker vi å skape eit miljø der barna opplever tryggleik, tilhøyrsle og at dei vaksne er der for dei – både når dei treng støtte, og når dei er klare for å utforske på eiga hand.

Dagsrytma vår:

- kl.(06.45) 07.00: Barnehagen opnar
- kl.07.30 – 08.30: Frukost
- kl.09.15: Ryddetid, samling , påkledning og uteleik
- kl.10.30: Bleieskift og handvask
- kl.11.00: Lunsj
- kl.11.45: Legging
- kl.14.00: Ettermiddagsmåltid
  Bleieskift
  Leik inne eller ute
- kl.17.00: Barnehagen stenger

LEIK

Leik er ein naturleg og viktig del av små barn sitt liv. På Nasse Nøff skal leiken først og fremst vere lystbetont og gi glede, og vi skal ta vare på leiken sin eigenverdi. Barna skal få god tid og rom til å leike, utforske og følgje eigne initiativ og interesser. Dette er i tråd med den lokale rammeplanen for barnehagane i Herøy, der leik og læring er eitt av satsingsområda, og det blir lagt vekt på eit inkluderande miljø der alle barn skal få delta og erfare glede i leik.



På ei småbarnsavdeling er leiken ofte kroppsleg, sanseleg og utforskande. Barna leikar og utforskar med heile kroppen, og gjentaking er ein viktig del av leiken. Å springe fram og tilbake, klatre, krype, danse, fylle og tømme, stable og velte eller leike med vatn og sand kan vere verdifull leik. Etter kvart ser vi også meir imitasjonsleik og begynnande rolleleik, som å mate ei dokke, lage mat eller herme etter andre barn og vaksne.

Mykje av samspelet mellom dei yngste skjer gjennom blikk, kroppsspråk, lydar, latter, imitasjon og gjentaking. Vi skal vere merksame på desse uttrykka og anerkjenne at det som kan sjå enkelt ut for oss vaksne, kan vere meiningsfull leik og fellesskap for barna.

Dei vaksne skal vere nærverande og tilgjengelege i leiken. Vi skal støtte barna når dei treng hjelp til å kome inn i leik eller samspel, tilføre noko når leiken treng det og skjerme god leik frå unødige avbrot. Samtidig skal vi kunne trekke oss tilbake og gi rom for at barna får utforske og utvikle leiken på eigne premissar.

Vi legg også stor vekt på dei spontane stundene i kvardagen. Ei leikestund på golvet, ei bok eit barn finn fram, song og gitarspel eller felles undring over noko vi oppdagar ute, kan vere minst like verdifullt som ein planlagd aktivitet. Vi ynskjer å ha tid og rom til å følge det barna viser interesse for.

Mål:

- Barna skal få oppleve glede, trivsel og fellesskap gjennom leik.
- Barna skal få god tid og rom til leik kvar dag.
- Alle barna skal få støtte til å delta i leik og fellesskap ut frå eigne føresetnader.
- Barna sine initiativ, interesser og undring skal få påverke leiken og kvardagen.
- Dei vaksne skal vere nærverande og støtte, verne om og vidareutvikle leiken ved behov.

Song og musikk engasjerer dei aller fleste barn, og har ein sentral plass i kvardagen Nasse Nøff. Vi bruker song og musikk både i spontane kvardagsstunder, i planlagde samlingar og på kor. Barna får erfaring med songar, rim og rytme, rørsle og enkle instrument. Gjennom musikken ønsker vi å skape glede, fellesskap og gode opplevingar saman.

Mål:

- Bli kjende med og etter kvart kjenne att enkle barnesongar.
- Oppleve glede og fellesskap gjennom song, musikk og dans.
- Få utforske rytme og lyd gjennom enkle rytmeinstrument.



På Nasse Nøff vil vi at barna skal få **utforske, prøve og erfare** gjennom varierte aktivitetar. Maling og andre formingsaktivitetar, leik med vatn og ulike motoriske aktivitetar er noko av det vi arbeider med gjennom året. For dei yngste handlar det ikkje om å prestere eller skape eit bestemt produkt, men om sjølve prosessen – å vere nysgjerrig, prøve sjølv, sanse, utforske og oppleve meistring.

Mål:

- Få erfaring med ulike formingsmateriale og skapande aktivitetar.
- Utforske vatn, sand, snø og andre materiale gjennom leik og sansing.
- Få varierte motoriske erfaringar gjennom mellom anna ulendt terreng, enkle hinderløyper og leik ute og inne.
- Oppleve skaparglede, utforskartrong og meistring.

Sosial kompetanse er eit gjennomgåande tema også på Nasse Nøff. I småbarnsalderen blir grunnlaget for samspel, vennskap og empati lagt gjennom dei mange små møta i kvardagen. Vi skal støtte barna i å vere saman med andre, vise omsorg, dele, hjelpe og trøyste, samtidig som dei får hjelp til å forstå og uttrykke eigne kjensler og behov.
Vi vaksne skal vere gode rollemodellar gjennom måten vi møter barna og kvarandre på. Vi skal vise omsorg, respekt og glede i samspel. Vi hjelper barna med å setje ord på kjensler. Som ein del av dette arbeidet bruker vi element frå «Vere saman». Barna får bli kjent med Regnbogeløva, som vil at alle skal ha det bra, og som oppmuntrar til å vere gode med kvarandre. Vi bruker også bøker og songar som handlar om kjensler og vennskap, mellom anna «Løveloven» og «Når eg er glad»

Mål:

- Barma skal få erfaring med positivt samspel og fellesskap med andre.
- Barna skal få støtte til å kjenne igjen og uttrykke eigne kjensler.
- Barna skal få støtte og rettleiing i samspel med andre.
- Barna skal bli kjende med Regnbogeløva og delar av «Vere saman».

ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon) og språk

Med ASK kan ein kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk. På Nasse Nøff bruker vi ASK som ein naturleg del gjennom kvardagen, slik at alle barna får støtte til å uttrykke seg og bli forstått – uavhengig av kor langt dei har kome i språkutviklinga.
Vi bruker mellom anna symbol i samband med måltid, påkledning, kjensler og på dagtavla vår. Barna kan peike på symbol for å formidle ønske og behov, samtidig som vi vaksne set ord på det dei uttrykker. Dagtavla bruker vi kvar dag for å synleggjere kva som skal skje og bidra til føreseielegheit og tryggleik. Vi bruker også enkle teikn som ferdig, vente og mat.
Språkutvikling skjer i samspel med andre og gjennom heile barnehagedagen. Dei yngste barna kommuniserer ikkje berre med ord, men også gjennom lydar, blikk, mimikk, kroppsspråk og handlingar. Vi skal vere merksame på desse uttrykka, bekrefte dei, og setje ord på det barna opplever og erfarer.
Vi legg vekt på eit rikt språkmiljø ved å bruke språket aktivt i leik og kvardagssituasjonar. Vi set ord på handlingar og opplevingar, undrar oss saman med barna og bruker bøker, bilete, song, rim og regler. Lesestunder og gode samtalar, både planlagde og spontane, skal ha ein naturleg plass i kvardagen vår.

Mål:

- Barna skal få støtte til å uttrykke eigne ønske, behov og kjensler.
- Barna skal bli kjende med og etter kvart kjenne att enkle symbol og teikn.
- Barna skal få møte eit variert og inkluderande språkmiljø gjennom heile barnehagedagen.
- Barna skal oppleve at deira ulike uttrykksmåtar blir sett, forstått og tatt på alvor.

Forteljarsongar:



Fellestemaet for barnehagen i år er forteljarsongar. Gjennom songar som fortel ei historie, får barna møte språk, musikk og forteljing på ein leikande og engasjerande måte. Vi vil bruke songane aktivt gjennom året og la barna få bli godt kjende med både handlinga, karakterane og musikken.

På Nasse Nøff tilpassar vi det til dei minste barna. Vi vil bruke song, rørsle, konkretar og enkel dramatisering for å gjere forteljingane levande og forståelege. Dei same songane vil vi bruke over tid, slik at barna får høve til å kjenne dei igjen, delta på sin måte og etter kvart vere med på delar av forteljinga.

At heile barnehagen arbeider med dei same forteljarsongane, gir barna felles opplevingar og referansar på tvers av avdelingane. Songane kan bli noko barna kjenner igjen når dei møter andre barn og vaksne i barnehagen, og kan bidra til å skape fellesskap og tilhøyrsle på heile huset. Det gir også barna ein fin samanheng når dei skal over på ei ny avdeling.

Mål:

- Barna skal oppleve glede og fellesskap gjennom song og forteljing.
- Barna skal bli kjende med ulike forteljarsongar og få oppleve dei på fleire måtar.
- Barna skal få delta gjennom anna song, rørsle og dramatisering. ??
- Arbeidet skal bidra til språkglede, fantasi og skaparglede.

Sjølvstendige barn:



På Nasse Nøff ønsker vi å gi barna tid og rom til å prøve sjølve. Små barn kan ofte meir enn vi vaksne kanskje trur, og gjennom kvardagen får dei mange moglegheiter til å øve på sjølvstende. Det kan vere å drikke av vanleg kopp, kle av og på seg, klatre opp på stellebordet eller meistre andre små oppgåver i kvardagen.

Vi vaksne skal vere til stades og gi støtte når det trengst, samtidig som vi gir barna tid til å prøve på eiga hand. Krav og utfordring skal tilpassast det enkelte barnet, slik at barna får oppleve meistring, medverknad og tru på eigne evner.

Mål:

- Barna skal få utfordringar tilpassa alder, utvikling og føresetnader.
- Barna skal få tid og høve til å prøve sjølve.
- Barna skal oppleve meistring og gradvis utvikle større sjølvstende i kvardagen.

Vi gler oss til eit nytt barnehageår ilag!



Avdeling Ole Brum 2-4 år

På Ole Brum er det 16 barn denne hausten. 1 barn som er fødd i 2022, 10 barn som er fødde i 2023 og 5 barn fødde i 2024. Saman med denne herlege gjengen er vi fem vaksne.

I denne alderen skjer det ei rask utvikling, sjølvstendigheit er noko av det som særpregar denne perioda, «Eg klarar sjølv» er ei utsegn som vert ofte brukt av barna, og ja dei klarar ofte sjølv, dei treng berre litt tid. Dei lever med heile seg. Dei har ofte kjensler som boblar over som dei skal lære seg og handtere, dei har starta og lære seg ulike sosiale koder og skal ta omsyn til andre. Då er det viktig at barna møter eit personale som er til stades og som støttar barna i å meistre motgang og å handtere utfordringar.
Dei er små menneske med dei største personlegdommane, som trur på magi og er fantastiske å være saman med. Dei lever seg inn i det ein fortel og når vi går på tur ser dei spennande ting både her og der. Barna elskar å hjelpe til og er snare til å ville hjelpe både kvarandre og oss i personalet med ulike oppgåver.

DAGSRYTME

- Kl. (06.45)7.00: Barnehagen opnar
- Kl.07.00-08.30: Frukost
- Kl.9.00: Gruppedeling, aktivitetar ute/inne
- Kl.10.30: Bleieskift/toalett
- Kl.10.45: Samlingsstund
- Kl.11.10: Lunsj
- Kl.11.45: Dei som søv legg seg og dei andre har kviletid eller går ut
- Kl.13.50: Bleieskift/toalettbesøk
- Kl.14.00: Ettermiddagsmåltid
- Kl.14.30: Leik inne eller ute og henting
- Kl.17.00: Barnehagen stenger



Sjølvstendige barn:

På Ole Brum er vi opptatt av at barna skal få kjenne på at dei kan være sjølvstendige. Vi legg til rette for potte / do-trening, og at barna skal kjenne på meistringsfølelse under måltid og påkledning. For å oppnå dette krevjast det vaksne som er til stades og som kan gje ei hjelpande hand når det trengs. Vi øver mellom anna på å dele, vente på tur, hjelpe kvarandre og å rydde etter oss. Vi ser ein flokk med barn som kan og vil klare sjølve og som er nysgjerrige, energiske og som har kjensler som av og til boblar over i glede og frustrasjon.


Samlingsstunder:

Vi har samlingsstund kvar dag, ca. kl. 10.45. Vi startar alltid med songen «Hei og velkomen til samling» dette for å markere at nå er samlingsstunda i gong. Så ser vi på dagtavla der vi forklarar dagen med ulike bilde som beskriv kva har vi gjort så langt, kva vi skal gjere resten av dagen, kva dag er det, månad, årstid og kva kle vi treng. Vi syng saman, fortel / leser bøker, gjerne med konkretar. Det er herleg å sjå gleda og innlevinga barna har i både songar og fortellingar. Så avsluttar vi med songen «Så fint at du kom».
Bursdagar vert feira med ei eiga samling der bursdagsbarnet er i fokus. Krona kjem på hovudet og dagens mat er bestilt av jubilanten. I år kan dei velje mellom pizza med grov botn og heimelaga tomatsaus, grove lunsj vaflar, havregrynsgraut eller grove rundstykke. Vi syng bursdagssong, skyt opp «rakettar», fortel ei lita historie, mm.

Gruppedeling:

Vi har gruppedeling stort sett kvar dag på føremiddag. Det kan være lettare å bygge gode relasjonar i mindre grupper, og det gir meir ro i barnegruppa. Mindre grupper gir også leiken betre grobotn, og det gir barna ro til å fordjupe seg i det dei held på med. Det er viktig at personale er til stades i leiken, hjelper barna inn i leik med andre og utvidar leiken saman med barna.

Turar i nærmiljøet:



Vi går på tur i nærmiljøet kvar måndag med heile barnegruppa i nærmiljøet med og utan matpakke alt etter lengde på tur og veret. Vi kan og gå på tur andre dagar og i mindre grupper. På tur leggast det vekt på at barna skal gå sjølv og at dei vaksne skal være til stades med ei hand å halde i, oppmuntring og trøyst når det trengst, og tid til å undre seg over det vi møter på vår veg.

Heffalomptoppen:

På Heffalomptoppen er det kjekt å være. Her kan vi være ute, eller bruke hyttene om vi har lyst til det. Her ligg det verkeleg til rette for å trene både grov og finmotorikk. Dette er ein plass der barna yndar å være, leike med vatn, gå på oppdagingsferd eller berre sitje på trappa å nyte utsikta. På Heffalomptoppen har vi ikkje dei vanlege leikene, her får barna bruke fantasien og råmateriale. Dette er ein annan type læringsmetode og eit stimuli for borna som er særs viktig.

LEIK Leiken er noko av det viktigaste i barnehagen. Leik og læring går hand i hand, og vi er opptatt av å legge til rette og skape rom for den gode leiken. Leiken har sin eigen verdi, den gir rom for fantasi, utforsking og meistring. I leiken kan barna alt. Leiken skapar trivsel og kan fremme venskap. Rammeplanen for barnehagen, som er vår «rettesnor», seier mykje om leik og korleis legge til rette for den i barnehagen. Vi skal ivareta barnas behov for leik og la leiken få ein sentral plass i barnehagen. Leiken skal være ein arena for utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Ved å organisere rom, tid og det som barna har til rådigheit kan vi inspirere til ulike typar leik. Det er viktig å fremje eit miljø der alle barn kan delta i leiken og få erfare glede. Dei vaksne skal være der barna er, på golvet som observatørar og hjelpe om det trengst. Ved å vere til stades i barnas leik kan vi delta i leiken på barnas premissar. Ein kan tilføre leikemateriale, føre leiken vidare eller støtte om det oppstår ueinigheiter.
I følgje Kari Pape har barnet ditt:



- *Samarbeida*
- *Løyst konfliktar*
- *Utvikla sosial kompetanse*
- *Brukt kroppen sin*
- *Utvikla venskap*
- *Opplevd den gode barndom*
- *Øva seg på nye ord og uttrykk*
- *Brukt fantasien sin*
- *Øva seg på turtaking*

når han/ho «berre» har leika.

Mål :

- Personalet skal legge til rette for variert leik både ute og inne.
- Personalet skal anerkjenne barnas eigen leik og leikens verdi.
- Personalet skal vere til stades i barnas leik, slik at dei støtter og fører leiken vidare ved behov.

Språk og ASK

Barnehagen er opptekne av korleis språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Vi i barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsutrykk og språk.
Det vert lagt vekt på viktigheita av god språkstimulering i løpet av barnehagekvardagen. Dette gjer vi ved å ha aktivitetar som fremjar kommunikasjon og språkutvikling. Dette kan til dømes vere dei gode, opne, samtalene med ein vaksen eller andre barn, bøker, song, formingsaktivitetar og den viktige leiken
ASK står for alternativ, supplerande kommunikasjon og kan nyttast på ulike måtar. Vi brukar det t.d. på dagtavla i samlingsstund. Tavla har bilde som viser gongen i dagen, kva dag det er i dag, månad og årstid, og kva vi skal ha på når vi skal ut for å leike. Personalet bruker Ask snor med ulike bilete som viser aktivitetar og konkrete ting som til dømes do og handvask. Ask snora nyttast ved at ein viser bilde som er knytt opp til det ein seier, dette vil kunne gi dei barna som ikkje har god forståing gjennom vanleg tale ein betre samanheng i det som vert sagt. Barna kan bruke ask snora på same måten ved å peike på bilete å vise oss i personalet kva dei tenkjer på eller vil gjere. Vi bruker temaplakatar med bilete som høyrer til ulike tema og songar som vert brukt i det daglege på avdelinga.

Mål:

- Personalet skal være gode språklege rollemodellar, og legge til rette for aktivitetar der alle barna får høve til å bruke språket sitt, verbalt og nonverbalt.
- Personalet skal arbeide bevisst med lesing og språk fremmande aktivitetar.
- Personalet skal gjere bruken av ASK til ein naturleg del av det daglege livet på avdelinga, og gi alle barn høve til å gjere seg forstått og bli forstått.
- Personalet skal legge til rette for at barna skal kjenne igjen symbol og teikn som vert brukt.

Forteljarsongar

I år vil ulike forteljarsongar vere fellestema for heile barnehagen. Vi jobbar med ein ny song kvar månad Historiene i forteljarsongane er spannande og unike. Det byr på mykje refleksjon, undring og spennande samtaler. Vi synast det er viktig å børste støv av nokre av dei kjekke forteljarsongane vi har og litt av kulturarven vi har med oss. Vi vil vidareformidle songane gjennom forteljing, formingsaktivitetar, samlingsstund og turar. Her er det mykje spannande å gripe fatt i.

Mål:

- Personalet skal gi borna kjennskap til ulike forteljarsongar gjennom song, forteljing, og ulike aktivitetar.
- Forteljarsongane skal bidra til refleksjon, undring og spannande samtaler ilag med borna.
- Personalet skal legge til rette for at songane får plass i det daglege og vert presentert på ulike måtar som bidreg til ei vidare forståing av historia i songane.



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er noko det arbeidast kontinuerleg med gjennom året. Vi brukar det pedagogiske opplegget frå *«Være sammen»,* der vi blant anna møter Regnbueløva og løvelova.
Kan du løvelova?
Eg skal vere meg, men gi plass til andre slik at dei vert seg. Bry meg om ein annan, hjelpe når eg kan. Slik vert livet betre for barn i alle land.
Ser du ein som plagast, det er ikkje bra. Alle må stå saman om å sei ifrå, alle barn på jorda har den same rett. Til å vere trygge og til å vere sett.

Vi oppmuntrar borna til å vise forståing, empati og til å vere gode med kvarandre, dele og hjelpe kvarandre. Barna rosast ved gode gjerningar og dei vert oppmuntra til godheit og å hjelpe kvarandre i konfliktsituasjonar.

Mål:

- Personalet skal gi barna rettleiing og oppmuntring til å sette ord på følelsar.
- Personalet skal hjelpe barna til å handtere eigne følelsar i ulike situasjonar.
- Personalet skal legge til rette for glede og meistring i kvardagen.
- Personalet skal streve etter å være autoritative vaksne og gode rollemodellar.





Avdeling Tigergutt 4-6 år

På Tigergutt er vi ein herleg gjeng med 21 barn. Dei eldste barna på avdelinga kallar vi klubbarar. Dei er i år 13 barn. Spirane er den andre gruppa vår og er på til saman 8 barn. Barna er tillitsfulle, og vi opplever at dei er trygge på oss vaksne.

Leik



Barna på Tigergutt er svært gode til å leike, og det er mykje energi i gruppa. Å leike er noko av det barna er aller best på, og dei er gode til å gå inn og ut av roller. Kreativiteten er stor og mange har ein livleg fantasi som skaper variasjon og framdrift i leiken. Barna har ein allsidig leik. Dei kan leike aleine eller fleire ilag, både i par og i større grupper. Barna opplever mykje glede i leiken, og dei er humoristiske og engasjerte. Leiken skaper trivsel i gruppa, og vi ser at barna dannar nye og gode relasjonar der venskap oppstår.
I Rammeplan for barnehagen står det at leiken skal vere ein arena for barna si utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. Det står også at leiken skal ha ein sentral plass, og at leiken sin eigenverdi skal anerkjennast.
Blant fire og femåringar gir leiken rom for god sosial utvikling. Barna lærer å samarbeide og forhalde seg til dei andre som er rundt seg. I rolleleiken kan barna sette seg inn i korleis andre har det, og lærer å forstå ulike roller og følelsar.
Leiken er prega av mykje fantasi, ulike roller og avanserte historier. Dei brukar språket aktivt, dei avtalar reglar og løyser små konfliktar sjølv. Dersom barna er ueinige greier dei oftare å samarbeide og forhandle slik at dei greier å halde leiken gåande. Mange er opptekne av at reglane som er avtalte vert fylgde. Leiken kan vere prega av mykje følelsar, og dette gjeld på godt og vondt. Barna er ulike i modning og utvikling, og alle har sin personlegdom som kjem fram i leiken. Gjennom leiken lærer barna å vente på tur, dele ting med andre og bli ein del av eit fellesskap.
Dei vaksne skal vere ein person som er nær og tilgjengeleg i barna sin leik. Det er viktig at den vaksne er med å sette ord på handlingar, følelsar og konfliktar som kan oppstå i leiken. Dei vaksne kan støtte barna i å forhandle, utvide leiken med nye ord, nye leikemateriale eller kome med idéar for å kome vidare i leiken. Dette er med på å skape ei trygg ramme rundt barna sin leikesituasjon, noko som skaper rom for den gode leiken der verdifull utvikling skjer.

Dagsrytme:

- Kl. (06.45) 7.00: Barnehagen opnar
- Kl.07.00 – 08.30: Frukost
- Kl.07.00 – 09.15: Frileik
- Kl.09.15: Morgensamling m/ dagtavle
- Kl.09.30 – 11.15: Delte grupper / aktivitet / samling
- Kl.11.15: Lunsj
- Kl.12.00 – 14.15: Uteleik
- Kl.14.15: Hemmeligheit / Fruktmåltid
- Kl.14.30 – 17.00: Leik inne / ute

Gruppedeling

Vi kjem til å dele gruppa kvar dag. Delingane vil skje på formiddag, og nokre gongar på ettermiddag. Måndag, tysdag og annankvar onsdag er barna delte i grupper kalla Klubbarar og Spirane. Dei andre dagane har vi aldersblanda grupper som vi kallar Sild og Makrell. Vi kjem til å nytte avdelinga, kjøkkenet, ute og hytta på toppen for å fordele oss. Vi har gode erfaringar med slike delingar. Vi kjem nærmare kvarandre både store og små, leiken vert ofte god og nye relasjonar vert knytte på tvers av alder. Bursdagsfeiringane vil skje i gruppene for klubberane og spirane.

Vekerytme:

Måndag:	**Klubb** – Inne - Skuleførebuande aktivitetar
	Spirane – Ute (Tur, Heffalomptoppen, uteleik)
Tysdag: :	**Klubb -** Ute (Eigen plan)
	Spirane – Inne
Onsdag :	**Sild og Makrell** (Tema, tur) Aldersblanda grupper
	Førskulebading (to gongar pr.mnd)
Torsdag:	**Sild og Makrell** (Tema, tur) Aldersblanda grupper
Fredag:	**Sild og Makrell** (Tema, tur) Aldersblanda grupper



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er også i år det overordna temaet vårt, og det er felles for heile barnehagen. Dette er noko vi jobbar med i kvardagen, og også gjennom temaarbeid og samlingar. Då er målet at alle skal føle seg sett i gruppa, at vi alle er ein del av eit fellesskap og at vi må respektere kvarandre på trass av skilnadar. Det er viktig at vi som vaksne er gode rollemodellar overfor barna og kvarandre.
Gjennom gruppedeling er det enklare for barna å skape tettare band og knyte vennskap. I små grupper er det og meir rom for at dei vaksne kan observere og hjelpe barna i leik og konfliktar. Vi jobbar for å førebygge mobbing og utestenging, og fremje vennskap og deltaking gjennom å legge til rette for den gode leiken. Vi ønskjer å vere ei støtte for barna og gi dei ei god sosial kompetanse som kan vere til nytte no og i framtida. Vi vaksne i barnehagen jobbar heile tida for å vere ein autoritativ vaksen i arbeidet med barna. Ein autoritativ vaksen er varm og bygger gode relasjonar samtidig som ein set grenser og stiller krav til barna.

Mål:

- Alle skal føle seg sett i gruppa
- At alle skal føle seg som ein del av fellesskapet
- At vi skal kunne respektere kvarandre og øve på å sette våre eigne behov til side

Vi vil nytte programmet Være saman (side 13. i verksemdsplanen**) på denne måten:**



Samlingar: Vi vil nytte plansjar med bilde og ulike tema. Desse plansjane gir eit godt utgangspunkt for gode samtalar med barna, og det gir rom for både refleksjon og filosofering.
Song og musikk: Synge, lytte og bruke musikken til bøkene. Songane gjenspeglar og forsterkar ofte temaet vi har lest om.
Regnbueløva: Den skal få vere med oss på samlingane. Løva skal vere ei hjelp for den vaksne til å strukturere samtalane med borna. Løva har også ei løvelov som handlar om korleis vi skal vere mot kvarandre. På klubb les vi boka «Regnbueløvas fantastiske brøl». Den handlar om kva gode gjerningar løva gjorde slik at ho fekk den fine regnbuefarga manken sin.

Forteljarsongar

Vi ønsker å jobbe vidare med fjorårets tema om forteljarsongar. Dette var eit svært vellykka prosjekt, og vi føler oss ikkje ferdig med det. Det finst framleis mange fine og gode songar som vi har lyst til å jobbe med saman med barna. Vi vil også i år velgje songar som fortel ei heil historie, og gå djupare inn i kva den handlar om. Dette innbyr til mykje undring og refleksjon, som igjen kan føre til mange spennande samtalar. I fjor lærte vi oss betydninga av mange nye ord, og ikkje sjeldan høyrte vi dei igjen i leiken.
Nokre av songane kjem vi til å jobbe med over fleire månadar.
Nokre av songane er det laga musikkvideo/film til som vi vil nytte.
Vi skal også ha fellessamlingar der kvar avdeling har ansvar for å presentere songen vi skal jobbe med. Vi håpar dette vil fenge både store og små, og ser stor verdi i å formidle desse fine songskattane våre.

Mål:

- Å gi barna kjennskap til barnekulturen vår med desse songskattane
- Å vise at ein song har eit innhald, betydning og ei historie
- Å bruke songane og musikken som metode for å lære nye ord og omgrep



Sjølvstendigheit

Vi vil jobbe vidare med å ha fokus på sjølvstendigheit i barnehagen. Vi ser at barna på Tigergutt kan vere svært sjølvstendige, og dette er med på å gi dei god meistringsfølelse. Det er difor viktig å gi dei tid og rom, slik at dei kan få øve seg og oppleve meistring når dei greier nye ting. Vi som vaksne må støtte, oppmuntre og rettleie borna frå sidelinja.

Mål:

- At alle skal få meistre nye ting sjølv, utifrå sine eigne forutsetningar.

Årstider

Vi vil fokusere på namnet på årstidene og kva som skjer med naturen og omgivelsane gjennom alle dei fire årstidene. Vi vil at barna skal få sjå og oppleve kva som skjer i løpet av eit år. Vi vil fylje med og sjå korleis ting endrar seg. Kva skjer med trea og blomstrane gjennom årstidene? Kva insekt og krypdyr finn vi i skogen når våren kjem? Korleis er vêret i dag?

Mål:

- Barna skal ha kjennskap til namnet på dagane, månadane og årstidene når året er slutt
- Lære barna kva som kjenneteiknar dei ulike årstidene

«Dagens hjelpar»

Kvar dag vil vi velge eit barna som får vere «Dagens hjelpar». Barnet får då hjelpe med dagtavla på samling, hjelpe å dekke bordet, vere såpesjef og lage hemmelegheit saman med ein vaksen. Dette har allereie vorte veldig populært og barna gler seg til det blir deira tur. Det blir ein god arena for at kvart barn skal få oppleve ein-til ein situasjonar saman med ein vaksen, noko som bygger relasjonar og skaper tryggheit for både barn og vaksne.




Språk/lesing/ASK (Alternativ supplerande kommunikasjon)

Det er viktig å ha eit variert og godt språkmiljø som gir barna rikeleg med moglegheiter for aktiv bruk av språket. Gjennom språket har barn moglegheit til å påverke sine omgivelsar og vere ein del av eit fellesskap. Vi vil prøve å legge til rette for gode språklege arenaer gjennom språkleik både i stor og lita gruppe.

Vi er opptatt av at barna skal bli sett og høyrt, at vi skal gi dei tid og rom til å delta i ein samtale, og at dei skal få bruke språket aktivt. Barna er glade i å lese bøker, og vi håpar å få tid til lesegrupper.

Vi nyttar ASK når vi samlar oss til morgonmøte før vi deler oss i grupper. På dagtavla har vi symbol for dagane, månadane, årstidene, veret, kva kle vi skal ha på oss og symbol for dei ulike aktivitetane som dagen inneheld. Eit barn får vere «Dagens hjelpar» og er då med på å henge opp dei ulike symbola.

Vi har ulike plansjar m/ASK symbol på avdelinga som seier noko om tema, overgangar og sosial kompetanse. Vi har også eit mål om å lage små snakkesmykke som dei vaksne kan ha tilgjengelege for barna slik dei som treng det lett kan bruke desse for å uttrykke seg, og for at den vaksne kan bruke den som støtte når dei snakkar med barna.



Mål:

- At dei vaksne skal øve seg på å nytte symbola i naturlege situasjonar der det er nokon som har behov for det.
- At barna skal kjenne igjen symbol

Overgang barnehage/skule

Overgangar er noko det blir spesielt jobba med i kommuna vår i åra som kjem. Det er viktig at alle barn skal få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Det er no utarbeida ein felles plan mellom barnehagane i Herøy som skal sikre at barna har eit likt utgangspunkt uavhengig av kva barnehage dei går i og kva bagasje dei har. Planen omhandlar områda kommunikasjon og språk, sosial kompetanse og erfaring med lesing.

Vi har overføringsmøte med foreldra på våren for dei barna som skal starte på skulen. Vi går då gjennom eit overføringsskjema med informasjon som skal leverast til skulen for å trygge overgangen.

HEFFALOMPKLUBB

Heffalompklubb er eit førskuletilbod vi har for femåringane her i Sirlihaugen barnehage. Her ynskjer vi å førebu barna på skulegang gjennom leik og læring . Det er ein god arena å øve seg på å verte meir sjølvstendig, og lære å ta omsyn til andre rundt seg. Samtidig er dette eit tilbod barna ser fram til gjennom heile barnehagetida.
I år fell Heffalompklubb på dagane måndag og tysdag.
Mandagane brukar vi dagen på leikprega læring og er innom fagområde som *kommunikasjon, språk og tekst* samt *tal, rom og form*. Samtidig som vi ønskjer at læringa skal vere leikprega har vi og eit fokus på å lære å ta enkle beskjedar. Vi jobbar med ulike oppgåver for ei kort periode, og vi trenar på høgtlesing m/få bilete. Aktivitetane mandagane finn som regel stad inne på avdelinga.

Tirsdagane er den store klubbdagen, og den startar vi med eit morgonmøte der vi går gjennom det som skal skje. Vi vel også to minisjefar. Dei får vere med på alt frå å gå fremst på tur, hjelpe m/eksperiment, lage bål og passe på at reglar blir følgde. Vi held enten til på Heffalomptoppen eller går på tur. Målet vårt er at dagen og turane skal gi borna gode og spennande fellesopplevingar. Vi ønskjer at dei skal oppleve glede ved å ferdast ute og opparbeide seg sosial kompetanse gjennom samarbeid med dei andre på gruppa. Vi jobbar også med å verte meir sjølvstendige utover året. Ofte lagar vi lunsj på bålet, då oppmodar vi alle til å smake på/ete ulik mat.
To onsdagar i månaden blir det bading for førskulegruppa. Det er Sunnmørsbadet som står for symjeopplæringa.

RUSSEFEIRING
Rosarussfeiringa er som regel høgdepunktet i løpet av året for dei fleste klubbarane. Dette blir ei markering på at dei er størst i barnehagen. Kjekke aktivitetar høyrer med, som for eksempel: russeturar, kosekveld i barnehagen, russehue, russekort, russerop og russestrekar. Det er berre å gle seg.
Vi håpar at store og små skal få eit kjempekjekt år ilag ☺

Dagsrytma vår på tirsdag ser omtrent slik ut:

-9.15 Morgonmøte
-9.30 Vi kler på oss og går ut
-10.00 På toppen eller på tur
-Aktivitetar
-Samling
-Eksperiment
-14.00 Hemmelegheit på Heffalomptoppen før vi går ned igjen.

Nokre av aktivitetane vi skal i løpet av året:

- *Turar i fjøra, på fjellet og i skogen.*
- *Lære om naturen, miljøvern, årstider, været og frukt.*
- *Vikingtida*
- *Eksperiment*
- *Verdensrommet*
- *Russetid*

Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.33)

Barnet (erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter det skal jobbast mot)	**Aktive og utforskande barn**	**Personalet i barnehagen** (arbeidsmetodar)

Kommunikasjon og språk
- Omgrepsforståing
- Samtalen
- Forteljarkompetanse
- Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)
 	
Sosial kompetanse
- Sosiale ferdigheiter og meistringsstrategiar
  ○ Inkludering
  ○ Sjølvregulering
  ○ Samspel, kommunikasjon og merksemd
  ○ Vente på tur
  ○ Lytte til kvarandre
 	
Erfaringar med lesing
- Erfaringar med språk og tekst gjennom leik, undring og utforsking
- Oppleve glede rundt ulik litteratur

	Kommunikasjon og språk
	- Leike seg med språket (stavingar, rim, regler, munnmotorikk, lytte ut lydar…)
	- Medverke i samtale, tørre å ta ordet og stille spørsmål
	- Øve på å samtale og gjenfortelje
	- Øve på turtaking
	- Øve på å bruke ASK som støtte
	
	Sosial kompetanse
	- Oppleve at det er trygt å prøve og feile
	- Meistringstru
	- Oppleve glede i lesestund, vere deltakande og undre seg gjennom leseopplevinga
	- Leik
	- Spel
	- Bordaktivitetar med vaksenstøtte
	
	Erfaringar med lesing
	- Daglege leseopplevingar
	- Barna får medverke i val av bøker
	- Bruke bøker sitt innhald i leik
	- Oppleve ulike lesemetodar
	- Leike med bokstavar, skrive og lage dei på ulike måtar
	- Rim, songar og reglar, Lage eigne rim og historier
	- Tankekart til ord og omgrep
	- Møte ulike skriftspråkuttrykk, som leikeskriving, teikning og bokstavar
	- Utvide fantasien sin, fabulere med språket
		Kommunikasjon og språk
		- Språkleg rollemodell
		- Inkludere og invitere til samtalar i språkstimulerande aktivitetar
		- Legge til rette for mange og rike erfaringar med ord og omgrep
		- Nytte ASK aktivt
		- Skape felles erfaringar for barna med felles songar, rim og reglar (lik ABC-song også i 1.klasse)
		
		Sosial kompetanse
		- Støtte barna til å uttrykke kjensler, tankar og meiningar
		- Legge til rette for motivasjon, inkludering og meistringstru
		- Organisering av grupper, miljø og aktivitetar
		
		Lesing
		- Gi barna gode og varierte opplevingar med lesing
		  ○ Variere språkform og formidling (høgtlesing, forteljing, dramatisering…)
		  ○ Gi rom for lesestopp og å undre seg saman
		  ○ Samtale om innhaldet
		- Engasjerte, oppmuntrande og inkluderande vaksne
		- Repetisjon
		- Stimulere til rolleleik gjennom litteratur

Barna i Herøy kommune lærer gjennom leik, undring og utforsking i skapande aktivitetar


Små steg –
store augneblikk
I barnehagen veks små draumar,
med leik og latter kvar ein dag.
Her blir det skapt små, gode minner,
og vennskap knyter sterke band.
Her finst det fang som gir oss trøyst,
og hender som hjelper små.
Her får vi prøve, feile, meistre,
og kjenne at vi er gode nok som vi er.
For barndommen er her og no,
i kvart eit smil, i kvart eit steg.
Og alt vi saman får oppleve,
blir gode spor på livets veg.